



Skulemusikken fekk nesten 10.000 kroner i kommunalt tilskot for 2007. Her spelar korpset i kyrkja like før jul. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Kulturkontoret i kommunen delte for 2007 ut eit samla driftstilskot til organisasjonar i Uskedalen på 52.369 kroner. No nærmar det seg søknadsfristen for 2008-tilskotet.

Fristen går ut 15. februar. Kor mykje vil Uskedalen få dette året?
 Dette var fordelinga for 2007:

* Uskedalen søndagsskule	1.311
* Hobbyklubben	2.934
* Småbarnstreff Uskedal	1.863
* Uskedalen yngste røyster	1.104
* Uskedal ungdomslag	14.438
* Uskedal idrettslag	14.717
* Uskedal skulemusikk	9.869
* Røysterett for alle	1.000
* Grendahuset Vonheim	840
* Uskedalen Bedehus	4.293